

Folkestemma

- innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel

Resultat digital spørjeundersøking gjennomført desember 2021–januar 2022.



RAINDOG
STUDIOS

Innleiing

Undersøkinga ”Folkestemma - innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel” vart laga på den digitale spørjeundersøkningsprogramvaren ”Survio”. Spørsmåla var knytt til arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel, og retta mot innbyggjarar i Volda kommune.

Undersøkinga vart gjennomført i perioden 17. desember–14. januar. I denne perioden vart det lagt ut animasjonsfilmar på kommunen si Facebookside ein gong i veka, med lenke til undersøkinga. Det vart også lagt ut informasjon og lenke til undersøkinga på kommunen si heimeside.

Undersøkinga var anonym. Det var ikkje mogleg å svare fleire gongar frå same eining. Ein kunne svare på så mange spørsmål ein ville.

Totalt 100 personar svarte på undersøkinga. Dette dokumentet inneheld ei samanstilling og oppsummering av resultatane.

Lenker til animasjonsfilmene som vart publisert saman med undersøkinga:


Film 1 - Samskapingskommunen: <https://vimeo.com/568161459>

Film 2 - Berekraftig lokalsamfunn: <https://vimeo.com/568161602>

Film 3 - Stoppe klimaendringane: <https://vimeo.com/568161669>

Film 4 - God oppvekst: <https://vimeo.com/568161725>


Film 5 - God helse og livskvalitet: <https://vimeo.com/568161761>




Screenshot frå kommunen si Facebookside.

100
respondentar

1. Kjønn



2. Alder



5. Korleis bidreg du, eller ynskjer du å bidra, for å gjere lokalsamfunnet levande og attraktivt?



Ønsker å være med å skape aktiviteter som får flere til å møtes ute.

Dugnadsarbeid rundt Sivert Aarflot-plassen. Sikkert mange som ynskjer å bidra.

Holder god kontakt med naboer.


Engasjerar meg i fleire av borna mine sine aktivitetar.

Eg er nok ikkje flink nok til å ta initiativ men bidreg med det eg kan om eg blir spurt.

Tek på meg verv, stiller på dugnad. Held det reint og ryddig rundt meg. Viser omsorg for sambygdinga.


Bruke lokale tilbod som restaurantar, butikkar og kafear.

6. Kor ofte deltek du i frivillig arbeid?



7. Kva motiverer deg mest til å stille opp som frivillig?

Vel inntil tre av alternativa.



8. Korleis kan ein rekruttere fleire nye til frivillig arbeid?

Annonsere at det er behov

"Reklamere"

Nå ut via sosiale media
Nytte Facebook
Nytt avisa

Skape entusiasme

Vere eit godt førebilete
Engasjement
Framsnakke dugnad
Framsnakke tiltaka

Vise fordelane

Vise fram kva det gjev å vere med
Vise fram det positive med frivillegheit
Fortelle om det sosiale samholdet
Fortelle om kjensla av å få bidra
Gi folk lyst å være ein del av det
Framsnakke fellesskap

Ved å ikkje lesse for mykje på kvar enkelt

Det skal vere kjekt å bidra, ikkje tungt og krevande.
Basert på at ein ikkje må binde seg, men alle små bidrag nyttar.
Gi kjeke erfaringar som gir lyst til å bidra
Ikkje måtte binde seg til td eit år.
Ha klare og tydelege oppgåver.
Kall det noko anna enn dugnad.
Ærlig formidling.
Betaling.

Spørre direkte

Utfordre den einskilde
Spørje pensjonister, nyinnflytta
Inkludere innflyttare
Spørje dei om å bli med
Organisasjonane må invitere folk
Invitere til møteplassar
Gi dei forståing for at dei har noko å bidra med, at dei er ønska med sine talent og evner.

La folk føle tilhørighet

Vere inkluderande
Gjere det sosialt
Gjere det meir attraktivt
Vafle

Lav terskel for å delta

Senke terskelen for å bidra
Gjere det lett tilgjengelig
At det faktisk er frivillig og ikkje går over til tvang og press til å vere med
Det må vere enkelt å ta kontakt
Folk må få vite korleis ein kan bidra

Støtte frivilligheten praktisk og økonomisk

Kommunen må være på tilbodssida
Legge til rette for gode rammetilhøve.
Ha treffplassar-erfaringsutveksling.
Kommuna må invitere til ein dugnad.
God tilrettelegging/velvilje frå kommuna før/under/etter aktivitet.
Plan for frivillegheita.
Hjelp til å søke støtte.
Lytt til dei ulike fora.

Informasjon

Informere om kva tilbod som finnest
Vere synleg slik at folk veit om det
Om det er meningsfulle tiltak
Kjem folk av seg sjølv.

Verdsette

Vise fram innsatsen til frivillige
Politikarar stille opp
God støtte

Lokaler

Gode lokaler
Fokus kan på innhald og ikkje anlegg
Syte for gode og billige arenaer for frivillig arbeid.

9. Korleis kan vi få med fleire kvinner i politiske organ?

Møter, struktur

- Legge møte på dagtid.
- Kortare og meir effektive møte.
- Meir effektive møte, mindre prat og meir struktur.
- Korte ned på lange kommunestyremøt og heller dele dei opp.
- Legge til rette mht kor krevande det er.
- Ha ein aktivitet for barna samtidig, slik at ungene kan ha tilsyn. Mange har ikkje barnevakt.
- Kortare møter og auka påverknadskraft til fleire.

Rekruttering

- At partia sørger for ein god nominasjonsprosess og set kvinner på topp.
- Kvotering, nominasjon og tilsetting. Dersom alle leiarar i kommuna er menn stimulerer det dårlig.
- Vere bevisst på å rekruttere tidleg.
- Rekruttere kvinner, legge til rette for at dei kan bruke tid på politikken med godt samvit.
- Kan kjøre kampanje: "vær en politiker for én dag" - gi unge fra vgs. mulighet til å fotfølge en politiker.
- Få kjekkare mannfolk inn i dei politiske organa.
- I nominasjonen. Ut med gubbene. Politikken verker satt med omkampkultur.

Haldningar


- Tåle kvinner som tenkjer omsorg, trivsel og livskvalitet før profitt.
- Om kvinner stiller blir det sjeldan tekne på alvor, utkonkurrert av gutteklubbe grei.
- Då må både menn og kvinner i kommunestyre/formannskap bli meir imøtekomande og hyggelege.

Er det så viktig?

- Er det så viktig? Kunnskaprike folk i politikken er viktigare.
- Dette handlar om interesse, ikkje kjønn!
- Det fungerer da allerede bra i Volda.

- Volda har mange høgt utdanna kvinner, så eigentleg underlig at ikkje fleire er med. Eg veit faktisk ikkje.
- Dette må kvinnene finne ut av litt sjølve.
- Hopp i det. Tenk etterpå.
- Framsnakking, bilde i avisa av kvinner som er engasjerte

10. Kor ofte føler du deg einsam?



11. Kva kan du/lokalsamfunnet gjere for å motverke einsemd?

Vere flink å ta kontakt med andre, slå av ein prat.

Ta kontakt med einslege og andre, besøke dei og påvirke dei til å vere med.

Ved å skape og støtte opp under møteplassar og sørge for at alle er inkluderte og velkomne

Bidra med midlar til frivillige org. Som får i gang kafear, trim,dans, handtv.

Fleire møteplassar, aktivitetar som er lavterskeltilbod/ikkje krev regelmessig deltaking.

Gode lokale møteplasser i alle delar av kommuna.

Skape fleire treffpunkt. Gjerne på tvers av aldersgrupper og sektorar.

Liste over ulike tilbud for alle aldarar på nettsidene, det har dei i andre kommuner.

Fast ringevenn.

Ha kontakt med naboane sine.

Legge til rette for møteplassar både kommunale men også private (næringsliv).

Invitere til dugnad.

Vere turven.

Inkludere dei som ikkje har så mykje nettverk her.

Få slutt på Pandemien.

Fleire uformelle treffpunkt, der det må gå an å møte opp åleine og snakke med folk ein ikkje kjenner.

Treffplassar må verre lett tilgjengelig. Både plassering og tidspunkt er viktig.

Betre kunst- og kulturtilbod.

Bedre uteliv, mer arrangementer, skøytebane på vinteren

Skape kultur for å invitere med fleire.


Fleire uteplassar, møtestadar og arrangement på kveldstid.

Snu den individuelle kulturen som har befestet seg i Norge.


Ofta unge menn, som også ikkje tar tak i ensomheten sin, så hva vil samle og gi insentiv til deltaking?

Samfunnet generelt er meir travelt og opptatt enn før, difor vanskeligare å legge merke til det rundt.

12. Kor ofte driv du ei eller anna form for fysisk aktivitet?



13. Fysisk aktivitet: Kva type aktivitetar gjer du på fritida?



14. Fysisk aktivitet: Er det andre aktiviteter du gjer ofte på fritida, som ikkje vart nemnd i forige spørsmål?

Allidrett
Båtliv
DJ-ing
Drone
E-sport
Fallsjermhopping
Fisking
Fotball
Fotografi
Frivillig lagsarbeid
Gaming
Gardsarbeid
Gitarspilling
Handarbeid
Handverksarbeid
Hobbybonde
Husarbeid
Husdyrhald
Kajakk
Kjører motorsykkel

Klatring
Kontaktsport
Kor
Korps
Kultur og kunsttilbod.
Leik med barn, på barns premiss
Leke med barn
Musikkproduksjon
Musikkutøving
Padling
Riding
Sangkor
Skating
Speler musikkinstrument
Styrke
Tinder
Trilletur
Turn
Vindsurfing
Yoga

15. Kva er viktig for deg for å kunne vere aktiv i eige liv?

Aktivitet ein kan gjere saman med familien.

Nokon som dreg meg med; venner, familie.

Tid.

Turområder som vert vedlikeholdt

Godt ver.

Bu nært turområde/naturen.

Samhald, at ein kan drage med kvarandre.

God helse, nok søvn og kvile, aktivitetar som dans m.m gir glede.

Turselskap.

At ikkje alt må koste pengar.

Nok tid!! Trening i arbeidstida førebyggj sjukefråvær og gir betre helse og energi, spesielt for barnefamiljar.

God helse.

At gangveggar er godt vedlikeholdt og rydda.
Prøv å gå Raudemyrvegen med enten vogn eller rullestol..

Enkel tilgang til turområder.

Søvn og mat.

Kunne gå turar i naturen.

16. Korleis kan ditt nærmiljø bli ein enda betre stad å vekse opp?

Opplæringsmiljø

- Først og fremst styrke skulane.
- Gode gjennomtenkte ressurs fordelingar i barnehage og skule, slik barn får eit trygt læringsmiljø.
- Behalde skulane og la ungene gå på skule der dei vil.
- Fokus på psykisk helse. Mindre mobbing.

Bustadar

- Rimelige bustader for einslege.
- Ikkje plassere rus/psyk i boligområde med sårbare familier.
- At det blir bygget fleire omsorgsboligar for personer med lett psykisk utviklingshemming.
- Ikkje meir fortetting av bumiljøet.
- Fleire einbustader i sentrum der det bur barnefamilier. Store blokker er ikkje vegen å gå.
- Legge til rette for busetnad utanom bustadfelt.

Trafikk og transport

- Trygge skuleveggar!!!!
- Trafikksikring så barn enkelt kan vere ute og sjølv ta deg fram i lokalmiljøet.
- Investere i økt trafikksikkerhet.
- Betre bussruter, tryggare vegar.
- Betre kollektivtilbod.
- Tilpassa gratis skyss til skulane i sentrum. Meir bussruter til og frå bygdene til sentrum.

Nærmiljø

- Bedre fortau og belysning på stikkveier, ruste opp små lekeplasser, flere benker.
- Meir grønne areal/parkar. Dyrk elva i Volda, den er ein skatt.
- Friske opp lekeplassene da alle er forfalne.
- Beholde natur "lungene". Tilgang til leik/tur i natur/skog nær der ein bur. Turveg rundt Rotevatnet.
- Badestrand.
- Ikkje bygge turveggar og ha lys overalt. Verdifullt å være i naturen i stilla.

Møteplassar og aktivitetar

- Ungdomsklubb
- Fleire tilbod for folk som ikkje driv med organisert idrett.
- Symjehall og badeanlegg trengst både for små og store
- Ta vare på og fortsette å utvikle for utendørsaktivitetar.
- Bedre kulturtilbod, meir levande sentrum

17. På kva måtar kan du/lokalsamfunnet bidra til at barn og unge føler seg inkludert og opplever meistring?

Ha opne heimar!

Leikeplassar og parkar.

Må ha ein plass å vere/kunne møtast utanom det organiserte; friområde/ein sosial treffplass.

Sjå kvart enkelt barn i nabolaget.

Muligheit til fri, ekte leik.
Vi må slutte å sy puter.

Ha fleire kultur og kunst tilbod som fokuserer på å gi meistring.

Viktig at tilbodet er allsidig slik at alle kan finne noko dei likar/er gode i - ikkje berre fotball.

Ta med kyrkjesamfunna inn som ein samarbeidspart.
Det offentlege må tole at ein trur på noko.

Ved at alle barn får reell mulighet til deltakelse. Her må det jobbes mer med infoarbeidet.

Stille som trenarar/vaksne på ulike fritidsaktivitetar, engasjere oss i det borna likar å gjere.

Invitere alle med.

Arbeid til arbeidsledig ungdom, vere LANGT meir aktiv i å plukke opp dei som fell utanfor arbeidliv.

Ungdomsklubb er ein sjølvfølgje.

Lage gode kjøreregler for bursdagar.

18. Kva meiner du er viktige tiltak for å utvikle eit aldersvenleg Voldasamfunn?

Sosiale møteplassar

- Aktiviteter og aktivisering av einsame eldre.
- Gratis utlån av kommunale bygg til aktivitet.
- Meir møtepunkt mellom skule, bhg og eldre.
- Samfunnshus for alle aldersgrupper.
- Kurs og ikkje berre handarbeid.
- Møteplassar, klubbar, arrangement, «voldadagar», bussturar, fleire utstillingar, veteranbiltreff i sentrum, marknader etc.
- Det er mange møteplasser i sentrum, ikkje utanfor.

Tilrettelegge bustadar

- Kunne bo heime lenge, også på bygdene.
- Legge fysisk til rette og ny teknologi slik at eldre kan fortsette å bu heime om dei ønsker.
- For å øke insentivet til å få eldre til å flytte ut fra hus, kan det opprettes kolonihage, slik at hobbyen vedvarer.
- Bustader i gåavstand til butikkar, kafear, turområde.

God eldreomsorg

- Kvardagsrehabilitering. Friskliv.
- Lettare å få heimhjelp/hjelpemiddel/tilrettelegging i heimen.
- Dagsenter.
- Sjukeheimar med tilbod som butikkar, restaurant, kino og andre tilbod til dei eldre, som gjev auka trivsel og råderett over eige liv.
- Ikkje legge ned sjukeheimsplassar.
- Gode lokale tjenester i alle delar av kommunen.

Fysisk aktivitet og uteområde

- Støtte oppunder å halde den fysiske forma ved like.
- Meir grøntområde som er enklare for eldre å nytte.
- Bygge opp leikeplassar rundtom.
- Turveg rundt Rotevatnet som vert knytt opp mot Elvadalen.
- En må få vekk det tullete betalingssystemet på Volda Skisenter.

Transport og tilgjenge

- Betre kollektivtrafikk
- Meir TT-kort.
- Universell utforming.
- Eit sentrum som er mulig å bevege seg i med rullator og rullestol. Det er ikkje slik no.


- Se nytten og gleden av hva eldre kan tilby lokalsamfunnet.
- Alle som har høve til det økonomisk og praktisk bør vere ansvarlig for god tilrettelegging av alderdommen.

- Digital kompetanse.
- Kunne ringe nokon for spm om td. vaskehjelp?
- Varebringning.
- God informasjon om kva tilbod eldre kan nytte.
- Ikkje ha all info på nettsider.

19. Kva type hus bur du i i dag?

20. For dei under 70 år: Kva type hus trur du du bur i når du er 70 år?

■ Kva type hus bur du i i dag? ■ For dei under 70 år: Kva type hus trur du du bur i når du er 70 år?




21. I kva område bur du i dag?

22. For dei under 70 år: Kva område trur du du bur i når du er 70 år?

■ I kva område bur du i i dag?

■ For dei under 70 år: Kva område trur du du bur i når du er 70 år?



23. Kva vil du trekke fram som viktige satsingsområde for å redusere klimagassutslepp i ditt lokalmiljø?



Med obligatorisk hjemmekontor har vi aldri spart så mye på drivstoff som i 20/21!

Tilrettelegge meir for sykling.

Trafikksikring slik barn unge og eldre kan ferdes meir etter vegen utan bil.

Elektriske ferger.

Bygge ut all mulig vasskraft. Ikkje ein dråpe i havet utan via turbin.

Bruk mogelegheita Vol-datenellen gir til å satse på elektrisk kollektiv mellom Volda-Ørsta.

Solcelleanlegg på kommunale bygg.

24. Korleis er du sjølv villig til å bidra til å redusere klimagassutslepp i framtida?

Vel eit eller fleire svar.

